

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 24. september 2014 kl. 12:15

Stad: seminarrom F på Sydneshaugen skule, Universitetet i Bergen

Frammøtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari E. Haugland (engelsk), Benedicte M. Irgens (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Kjetil Berg Henjum (tysk)

Frå gruppe B: Guro Sandnes.

Frå gruppe C: ingen.

Frå gruppe D: Egil Melander, Lusine Mkrtchyan og Lars Ask.

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug møtte som sekretær.

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjende utan merknader.

## **Sak 2 – godkjenning av referat frå rådsmøtet 12. juni 2014**

Godkjent utan merknader.

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Utlysingar og tilsetjingar: Instituttet har innstilt til to stillingar i engelsk lingvistik, og det vil snart bli innstilt til ei stilling i brasilkunnskap. Den sakkunnige komiteen arbeider med å vurderer søknadene til vikarstillinga for instituttleiar (spansk språk). Shabo Talay har sagt opp stillinga på arabisk, og stillinga etter han vert lyst ut om kort tid. IF har fått lov til å lysa ut ei heil og ei førti prosent stilling i engelsk fagdidaktikk, men ingen av desse er nye stillingar.
- B. Utlysing av forskingsmidlar og anna støtte for 2015: Søknadsfristen er 1. november for instituttstøtte til forskning og publisering, til forskarutdanningstiltak og til gjesteforelesarar. Søknadsfristen er 1. desember til Meltzerfondet, Universitetsfondet, smådriftsmidlar og til instituttstøtte til langvarige forskingsopphald for stipendiatar. Søknadsfristane for lærarutveksling og tilsettmobilitet innanfor Erasmus+ er 15. september og 15. februar. Det vart gitt meir informasjon om søknadsfristar i e-post frå administrasjonssjefen til alle ved instituttet 5. september i år.

## **Sak 3 – Orientering om økonomien ved instituttet**

Instituttet må rekna med eit underskot på driftsbudsjettet ved utgangen av 2014. Omfanget er vanskeleg å fastslå, men det reelle underskotet kan sannsynlegvis koma opp mot éin million kroner (sjå sak 4 frå rådsmøtet 12. juni i år). Hovudutfordringa, og der IF skil seg klarast frå dei andre institutta, er den store delen av budsjettet som går til vikarar og andre innleigde. Oppryddinga i undervisningsrekneskapen, der det er gitt ekstra forskingsterminane for høgt overskot, har òg gitt instituttet ekstra utgifter, sjølv om timetalet i desse forskingsterminane ikkje har kompensert plusstida time for time. Fakultetet har dessutan varsla om reduksjon i løyvingane og synkande

inntekter frå den resultatbaserte finansieringa. Det er derfor nødvendig å vera varsam med å leiga inn vikarar o.l. framover, slik at utgiftene kan haldast nede.

#### **Sak 4 – Høyring om samfunnsmandatet til humaniora**

Ei arbeidsgruppe under det nasjonale fakultetsmøtet har laga eit utkast til samfunnsmandat for humaniora. Onsdag 17. september vart dette utkastet drøfta av eit allmøte ved instituttet. Etter allmøtet vart det sett opp eit alternativ framlegg til samfunnsmandat for humaniora. Dette dokumentet vart sendt ut saman med innkallinga til rådsmøtet. Margery Vibe skagen har sendt inn nokre framlegg til justeringar av dokumentet, og rådsmøtet endra nokre av formuleringane i framlegget.

Basert på endringane i rådsmøtet 24.9, sende instituttleiari ut eit nytt utkast til medlemmane av rådet. Kommenterarar til dette ville bli lagt til grunn for redaksjonelle endringar.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet sluttar seg til det vedlagte framlegget «Humanioras samfunnsmandat – program for fornyelse» med dei endringane som vart gjort i rådsmøtet. Instituttleiari får fullmakt til å gjera redaksjonelle justeringar i høyringsfråsegna som blir sendt til fakultetet.*

Det endelege høyringsframlegget frå instituttet er lagt ved dette referatet.

#### **Sak 5 – Nye retningslinjer for programstyra ved Institutt for framandspråk**

Uthaug kom med to korrigeringar av retningslinjene: fransk har seks tilsette, ikkje sju, men talet på studentrepresentantar vert likevel det same. Dessutan skal punkt 7 fjernast frå retningslinjene. Henjum peikte på at namnet på studieprogrammet SPIK må endrast til «Språk og interkulturell kommunikasjon».

Møtet hadde òg ein del kommenterarar til mandatet som er lagt ved retningslinjene. Dette mandatet er felles for institutta ved fakultetet og kan ikkje endrast av IF. Undervisningskoordinator Øyvind Gjerstad vil ta opp spørsmål knytt til mandatet på fakultetsnivå.

*Vedtak (samrøystes): Instituttrådet vedtek dei vedlagde retningslinjene for programstyra ved Institutt for framandspråk med dei redaksjonelle endringane som kom fram i møtet.*

Dei vedtekne retningslinjene er lagt ved dette referatet.

#### **Sak 6 – ymse**

Instituttleiari opplyste at fagkoordinatorvervet på engelsk er blitt delt. Frå og med hausten 2014 er det ein koordinator for litteratur og kultur og ein for lingvistik og fagdidaktikk. Det blir gjort redaksjonelle endringar som tilpassar retningslinjene for fagkoordinatorane til denne endringa. Delinga av vervet fører til at engelsk har to representantar i UUI ved instituttet.

Åse Johnsen,  
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

## **Humaniora samfunnsmandat – program for fornyelse Høringsuttalelse fra Institutt for fremmedspråk (IF).**

Ved IF har vi behandlet høringsuttalelsen på følgende måte:

Tilsendte dokumenter fra fakultetet ble den 28.8. sendt ut til alle på IF med oppfordring om å lese gjennom dokumentene og om å komme med innspill. Deretter ble det avholdt et allmøte den 17.9. hvor dokumentene og et innspill fra franskfaget ble diskutert. På bakgrunn av møtet forfattet leder et utkast til hørings svar som ble lagt fram for instituttrådet og drøftet der. Denne prosessen har resultert i det hørings svaret som fremkommer nedenfor.

Generelt reagerer IF på at det nye korte 5-punktsdokumentet skal erstatte hele den Nasjonale Humaniorastrategien fra 2008 og at den nå er avgrenset til humanioras samfunnsmandat. Videre reagerer IF på at det ikke er fagmiljøene selv som skal definere hva som skal være humanioras samfunnsmandat slik det står i arbeidsgruppas innspill: «Vi må bidra til de samf. utfordringene som er definert, det er dette som er etterspørselen, og ikke definere våre egne samf. utfordringer» (side 3 i notatet til fakultetsmøtet av 29.4.2014). Etter vår mening er det fagmiljøene selv som må definere hvilke utfordringer i samfunnet vi har kompetanse til å bidra til.

Nedenfor følger vårt forslag til forandringer i teksten. Forandringene gjelder både språklige og innholdsmessige aspekter og er av en så omfattende art at vi har valgt ikke å markere hva som er opprinnelig tekst og hva som er våre forandringer. Når det gjelder språklige forandringer kan vi nevne at vi har fjernet alle forekomster i teksten av komparative adjektivsformer, ettersom vi ikke ser noen grunn til å sammenlikne oss med fortiden; etter vår mening skal dette være et mandat som gjelder for fremtiden (eks.: «En tydeligere samfunnsrolle» er forandret til «En tydeligsamfunnsrolle»).

### **Humanioras samfunnsmandat – program for fornyelse**

De humanistiske fakultetene har ansvar for fagområder med grunnleggende relevans for enhver som søker å forstå menneskenes liv og uttrykk: historisk, språklig, filosofisk og estetisk. Historisk vitenskap gir oss tidsperspektiver på hvem vi er og hvorfor verden i dag ser ut som den gjør. Språkfagene utforsker menneskets fremste redskap til å forstå seg selv og sine omgivelser; de gir oss dessuten tilgang til andre kulturer, deres historie, tenkemåter og diktning. Å formidle verdier skapt innenfor kunst, litteratur og musikk er en særlig forpliktelse for de humanistiske fagene. Alt dette ligger fast som kjerneoppgaver for humanistisk forskning og undervisning også i fremtiden.

Samtidig som de tradisjonsbærende humanistiske fagene fortsetter å utføre sine kjerneoppgaver, er det en selvfølge at de innstiller seg på samtidens lokale og globale utfordringer og orienterer seg utover tradisjonelle faggrensener. I en tid preget av verdensomspennende sosiale, kulturelle og miljømessige endringer, aktualiseres spørsmål om identitet, hukommelse, mening og verdi som de humanistiske fagene er spesielt rustet til å arbeide med. Humanioras tradisjonelle rolle er å stille spørsmål ved vedtatte sannheter, fortolke fenomener som kan fremståsom uforståelige og analysere komplekse kulturelle fenomener som er grunnleggende annerledes enn våre egne. Dette er tradisjoner som er svært relevante i et samfunn i endring, og som fremfor alt gir oss en beredskap for de samfunnsendringene vi ikke har mulighet til å forutse. Digitaliseringens tidsalder har medført

en informasjonsflom som gjør det enda viktigere å beherske de humanistiske fagenes redskaper for kunnskapskritikk, fortolkning og analyse. Økt migrasjon medfører behov for bedre kjennskap til fremmede språk, kulturer og religioner. Tverrfaglig forskning beriker de humanistiske fagene og viser humanioras relevans på stadig nye kunnskapsfelt.

Humanioras samfunnsoppdrag må ivaretas på fagområdenes egne premisser. De humanistiske fagene bidrar til å holde i hevd idealet om faglig autonomi, bredde, grundighet og redelighet, og er med på å sikre en kunnskapsbasert, nyansert og levende samfunnsdebatt. I tråd med dette idealet, skal undervisningen i humanistiske fag bidra til å forme selvstendige, reflekterte og kritiske samfunnsaktører. Tilsvarende er uavhengighet og kritisk åpenhet nødvendige forutsetninger for nyskapende, samfunnsgagnlig forskning. Bare på denne måten kan humanioras praksis bygge opp under den opplyste offentlighet demokratiet er avhengig av. De humanistiske fagene bidrar ytterligere til å svare på samfunnsutfordringene, og det er derfor avgjørende at fagene selv definerer og utvikler relevante tilnærminger til disse problemene gjennom sin forskning, undervisning og formidling.

### *1. En tydelig samfunnsrolle*

De humanistiske fagene utforsker vår historie og samtid, tar vare på og videreutvikler kunnskapen om mennesket og bearbeider den kritisk. Forskere og studenter deltar aktivt med språkkritisk og etisk refleksjon i samfunnsdebatten.

De humanistiske fakultetene skal

- Ta institusjonelt ansvar ved det enkelte universitet når det gjelder å formidle humanistisk kompetanse til beslutningstakere og lokal og nasjonal offentlighet.

### *2. Kvalitet i studier og forskning*

De humanistiske fakultetene legger vekt på å utdanne høyt kvalifiserte fagspesialister fra bachelor til ph.d. til karrierer uten- og innenfor forskning og utdanning

De humanistiske fakultetene skal

- Ha god kontakt med arbeidslivet. Dialog med eksterne aktører tas i betraktning når studieporteføljen planlegges slik at også framtidige samfunnsbehov blir ivarettatt. Innspill fra de enkelte fagmiljøene innen humaniora skal her stå sentralt.

### *3. Humanioras bidrag til de store samfunnsutfordringene*

Store samfunnsutfordringer står på dagsorden både nasjonalt og internasjonalt. Humanistisk forskning bidrar med kunnskap og refleksjon i møte med disse utfordringene.

De humanistiske fakultetene skal

- Vise hvilke samfunnsutfordringer humaniora særlig har kompetanse til å møte og konkretisere hvordan forskning og utdanning kan bidra til å løse disse utfordringene, blant annet gjennom tverrfaglige forskningsprosjekter og nasjonale og internasjonale fagmøter og konferanser.
- Initiere og utvikle internasjonale samarbeidsprosjekter og utvekslingsavtaler.

### *4. Aktiv rolle i lærerutdanningene*

De humanistiske fakultetene utdanner lærere til forskjellige nivåer i skolen og en stor andel av fakultetenes kandidater blir lærere.

De humanistiske fakultetene skal

- Ha god kontakt med skolen og dens behov
- Utarbeide en strategi for å utdanne lærere på høyt nivå innenfor HF-områder.
- Videreutvikle samarbeid med andre høyere utdanningsinstitusjoner.

### *5. Nasjonalt samarbeid*

De humanistiske fakultetene opprettholder og videreutvikler en nasjonal kunnskapsberedskap i en rekke fag, men forventes også å sørge for nasjonal arbeidsdeling og god ressursutnyttelse.

De humanistiske fakultetene skal

- Intensivere arbeidet med nasjonalt samarbeid mellom institusjonene. Arbeide for at et tydelig samarbeid i møtet med store samfunnsutfordringer, på en måte som ikke går på bekostning av det faglige mangfoldet.

Retningslinjer for  
**Programstyre**  
Institutt for framandspråk

*Godkjende av instituttrådet 16. mai 2012.  
Revidert versjon godkjent av instituttrådet 24. september 2014.*

1. Heile fagmiljøet utgjer programstyra for dei disiplinbaserte programma og har ansvar for dei tre delane i mandatet. Instituttleiar peikar ut medlemane av styret for studieprogrammet Språk og interkulturell kommunikasjon (SPIK). Retningslinene nedanfor gjeld for både SPIK-styret og styra for dei disiplinbaserte programma.
2. Programstyret for eit fag skal bestå av *alle fast tilsette på eit fag i 50 % stilling eller meir*, og studentrepresentantar. Studentrepresentantane vert oppnemnde for eitt akademisk år om gongen, t.d. ein frå bachelorprogrammet og/eller ein frå masterprogrammet. Studentrepresentantane skal utgjere minst 20% av styret. Studentrepresentantane i programstyret vert honorerte etter dei retningslinene som gjeld for instituttrådet. Instituttleiar peikar ut studentrepresentantane. Alle mellombels tilsette (timelærarar, stipendiatar, sendelektorar, etc.) har møterett, men ikkje røysterett.
3. Følgjande representantar møter med røysterett i dei ulike programstyra ved IF (oppdatert august 2014):
  - Arabisk: 4 fast vitskapleg tilsette og 1 student.
  - Engelsk: 13 fast vitskapleg tilsette og 4 studentar.
  - Fransk: 6 fast vitskapleg tilsette (inkl. fagdidaktikar delt med spansk) og 2 studentar.
  - Italiensk: 3 fast vitskapleg tilsette og 1 student.
  - Japansk (mellombels ordning): 2 fast vitskapleg tilsette, studieleiar og 1 studentrepresentant
  - Kinesisk (mellombels ordning): 1 vitskapleg tilsett, studieleiar og 1 studentrepresentant
  - Russisk: 5 fast vitskapleg tilsette og 2 studentrepresentantar.
  - Spansk språk og latinamerikastudium: 11 fast vitskapleg tilsette (inkl. tilsette på Nettspansk og fagdidaktikar delt med fransk) og 3 studentar.
  - SPIK: 1 fast vitskapleg tilsett frå kvart fag i programmet og 2 studentar.
  - Tysk: 4 fast vitskapleg tilsette og 1 student.
4. Fagkoordinator er leiar for programstyret, kallar inn til og leier møta
5. Studiekonsulent på faget fungerer som sekretær for programstyret, og har ansvaret for å leggja innkallingar og referat ut på heimesidene til instituttet.

6. Programstyret sine oppgaver er skisserte i vedlagt mandat frå fakultetet. Programstyret skal samlast minst ein gong i semesteret. Minst halvparten av medlemane må vera til stades for at programstyre kan gjera vedtak.

## Mandat for programstyra ved Det humanistiske fakultet

Mandatet for programstyra er definert innan følgjande tre område:

- ✓ **Utvikling**
- ✓ **Leiing**
- ✓ **Evaluering**

### Utvikling:

Programstyret skal

- utvikle studieplan for programmet i samsvar med krava i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk og NOKUTs kvalitetskrav til studietilbod
- avgjere kva emne som skal inngå i programmet og kva omfang (studiepoeng) emna skal ha
- leggje til rette for studentutveksling på programmet
- syte for godkjenning av studieplan på instituttnivå (Utval for utdanning og internasjonalisering)

### Leiing:

Programstyret skal

- ha jamlege møte som oppfølging av det ansvaret det har for programmet
- føre protokoll frå møta
- arrangere programsamlingar minst ein gong i året
- syte for generell god informasjonsflyt til fagmiljø og institutt

### Evaluering:

Programstyret skal

- syte for evaluering av programmet i samsvar med *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*
- foreslå oppnemning av programsensor for fakultetet
- inngå kontrakt med programsensor (i samarbeid med instituttet) der oppgåvene til sensor er fastlagde
- syte for at retningsliner for programsensor ved UiB blir følgt opp i samarbeid med programsensor, jf. Appendix s. 16 i *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia* <http://link.uib.no/?5FfsG>
- følgje opp programsensorrapport i fagmiljøet og på instituttet, og i samband med utdanningsmelding kvart år.

6.3.2012

